

Ein utislørt Gud II

Lyngdal 21.07.2017

Bakgrunnen for disse tre timane:

2.Kongebok 17:9 «Og Israels-borna tilslørde Herren sin Gud med ord som ikkje var rette».

Våger vi å gje eit utilslørt bilde av den Gud vi møter i GT?

1.Peter 3:15 «*Ver alltid budde til å forsvara dykk for kvar ein som krev dykk til rekneskap for den vona som bur i dykk!*».

Gud inviterer slik: «*Kom og lat oss gå i rette med kvarandre, seier Herren*» (Jes 1:18). Den same Gud inviterer oss til å bruke vårt hjarte og vår tanke til å avgjere for oss sjølve om Bibelen verkeleg er hans inspirerte ord.

Eksempel:

1.Samuel 15:2-3 «Så seier Herren, Allhærs Gud: Eg vil straffa Amalek for det han gjorde mot Israel, at han la seg i vegen for han då han drog opp frå Egypt. ³ Gå no av stad og slå Amalek. Bannlys alt han har. Spar han ikkje, men drep både mann og kvinne, born og spedborn, okse og sau, kamel og esel».

Ein giftig kultur – eksempel:

3.Mosebok 18:21-25 «*Du skal ikkje gje nokon av borna dine som eldoffer til Molok, du skal ikkje vanhelga din Guds namn. Eg er Herren. ²² Du skal ikkje liggja med ein mann slik som ein ligg med ei kvinne. Det er ein styggedom. ²³ Du skal ikkje ha kjønnsleg omgang med noko dyr, for då vert du urein. Ei kvinne skal heller ikkje la noko dyr ha kjønnsleg omgang med seg. Det er skamlaus ferd. ²⁴ Gjer dykk ikkje ureine med slikt! For alt dette gjorde dei seg ureine med, dei heidningane som eg no driv ut framfor augo dykkar. ²⁵ Landet vart ureint, og eg straffar det for alle misgjerningane, så landet spyr ut innbyggjarane sine».*

Urettferdig at Gud skal straffe folkeslag som ikkje hadde fått den openberring av Guds vilje som Israelsfolket hadde? Nei, for dei «visste»:

Rahabs vitnemål, Josva 2:9-11 *«Og ho sa til dei: Eg veit at Herren har gjeve dykk dette landet. No har det kome redsle for dykk over oss. Alle som bur i landet skjelv av gru for dykk. ¹⁰ For vi har høyrte korleis Herren tørka ut vatnet framfor dykk i Raudehavet då de drog ut frå Egypt, og vi har høyrte kva de gjorde med Sihon og Og, amorittkongane, på hi sida av Jordan, dei de slo med bann. ¹¹ Då vi høyrde det, vart hjarta vårt fylt med redsle, og no er det ingen som vågar å møte dykk. For Herren dykkar Gud, han er Gud både i himmelen der oppe og på jorda her nede».*

Fleire eksempel på at andre folk visste:

Filistrane sine spåmenn og prestar seier dette til leiarane sine i

1.Samuel 6:6 «*Kvifor vil de forherda hjarta dykkar, slik egyptarane og Farao forherda sitt hjarta? Måtte dei ikkje la dei fara og dra bort då han hadde late dei kjenna si makt?»*

Gud hadde gjort Israel til eit vitne.

Josva 4:21-24 «Og han [Josva] sa til Israels-borna: Når borna dykkar i framtida spør fedrane sine: Kva er dette for steinar? – ²² då skal de fortelja borna dykkar om dette og seia: Her gjekk Israel over Jordan på tørt land, ²³ fordi Herren dykkar Gud lét vatnet i Jordan tørka bort framfor dykk til de kom over, slik Herren dykkar Gud gjorde med Raudehavet, som han lét tørka bort framfor oss til vi var komne over. ²⁴ **Dette gjorde han for at alle folk på jorda skal kjenna at Herrens hand er sterk, og for at de alle dagar skal ha frykt for Herren dykkar Gud**».

Og i neste vers står det:

Josva 5:1 «Alle amorittkongane som budde på vestsida av Jordan, og alle kana'anearkongane som budde utmed havet, fekk høyra at Herren hadde late vatnet i Jordan tørka bort framfor Israels-borna til vi var komne over. Då vart hjarto deira gripne av redsle, og dei hadde ikkje lenger mot til å møte Israels-borna». **Dei visste!**

Dei skulle drivast ut:

2.Mosebok 23:27-30 «Redsle for meg vil eg senda framfor deg og alle dei folka du kjem til, vil eg forvirra. Og eg vil la alle fiendane dine røma for deg. ²⁸ Eg vil senda vepsar framfor deg. Dei skal jaga hevittane, kana'aneane og hetittane bort frå deg. ²⁹ Eg vil ikkje jaga dei bort frå deg på eitt år, så landet ikkje skal verta audt og dei ville dyra verta for mange for deg. ³⁰ Litt etter litt vil eg jaga dei bort frå deg, til du vert så stort eit folk at du kan ta landet i eige».

Israel ville vandre fredeleg gjennom andre kongars område, men dei vart møtt med krig:

4.Mosebok 21:22-23 *«Lat meg få fara gjennom landet ditt! Vi skal ikkje koma inn på åkrane eller i vingardane, og heller ikkje drikk vatn or brunnane. Etter kongevegen vil vi fara, til vi er komne gjennom landet ditt. ²³ Men Sihon gav ikkje Israel lov til å fara gjennom landet sitt. Han samla alt folket sitt og drog ut i øydemarka mot Israel. Han kom til Jahas og stridde mot Israel».*

Det skulle byggast eit heilt nytt samfunn:

2.Mosebok 34:10-17 «Herren svara: Sjå, eg vil gjera ei pakt: Framfor augo på heile folket ditt vil eg gjera underfulle ting, slikt som det ikkje har vore maken til på heile jorda eller hjå noko folkeslag. Og heile det folket du lever mellom, skal sjå Herrens verk, kor forferdeleg det er, det som eg vil gjera for deg. ¹¹ Gjev nøye akt på det som eg byd deg i dag! Sjå, eg vil jaga amorittane og kana'anearane og hetittane og fesisittane og hevittane og jebusittane bort for deg. ¹² Tak deg i vare så du ikkje gjer noka pakt med innbyggjarane i det landet du kjem til, så dei ikkje skal verta ei snare for dykk.

Det skulle byggast eit heilt nytt samfunn (forts):

2.Mosebok 34:10-17 «¹³ De skal riva ned altara deira, og de skal slå sund biletstøttene deira, og Astarte-bileta deira skal de hogga ned. ¹⁴ Du skal ikkje tilbe nokon framand gud, for Herren heiter Nidkjær, og ein nidkjær Gud er han. ¹⁵ Tak deg i vare så du ikkje gjer noka pakt med innbyggjarane i landet! For dei vil driva avgudsdyrking og ofra til gudane sine, og når dei då bed deg til seg, kjem du til å eta av offera deira. ¹⁶ Og du vil ta koner til sønene dine mellom døtrene deira, og døtrene deira vil driva avgudsdyrking med gudane sine, og få sønene dine til å gjera det same. ¹⁷ Støypte gudebilete skal du ikkje laga deg».

5.Mosebok 7:1-11 er også eit talande avsnitt om dette. Vi tek med v.6-8:

⁶ For du er eit heilag folk for Herren din Gud. Deg har Herren din Gud valt ut mellom alle folk på jorda til å vera egedomsfolket hans.

⁷ Ikkje fordi de var større enn alle andre folk, synte Herren godhug for dykk så han valde dykk ut. For de er det minste av alle folka.

⁸ Men fordi Herren elska dykk, og fordi han ville halda den eiden han hadde svore fedrane dykkar ...

Kva hende då desse folka ikkje vart drivne bort?

Dommerboka kapittel 1 og 2 er gode eksempel på det. I Dom.1:21ff kan du lese at Israel ikkje dreiv bort desse folka. Og då Josva var død, hende følgjande:

Dom 2:10-12 «Så gjekk heile dette slektsleddet til fedrane sine, og etter dei voks det opp eit anna slektsledd, som ikkje kjende Herren, og heller ikkje dei gjerningane han hadde gjort for Israel. ¹¹ Då gjorde Israelfolket det som vondt var i Herrens augo, og dyrka Ba'alane. ¹² Dei vende seg bort frå Herren, sine fedrars Gud, han som hadde ført dei ut or Egyptarlandet. Og dei fylgde andre gudar, dei gudane som folka ikring dei hadde. Israels-borna tilbad dei og vekte Herrens vreide».

Tenk: Berre i løpet av ein generasjon hadde dei forlate Herren, og tilbad avgudane!

Menneskeverd på eit lavmål

Dom 1:6f «Då sa Adoni-Besek: Sytti kongar med avhogne tommelfingrar og stortær sankar smular under bordet mitt. Slik eg gjorde, slik har Gud gjort mot meg. – Sidan førde dei han til Jerusalem, og der døydde han».

Menneskeverd på eit lavmål

Profeten Elisa står framfor den nye Syrar-kongen Hasael, 2.Kong 8:11-12 «Og gudsmannen stod med urørleg andlet og stirde på han til Hasael kjende seg brydd. Så byrja Elisa å gråta. ¹² Då sa Hasael: Kvifor græt herren min? Han svara: Fordi eg veit at du skal gjera Israels-borna mykje vondt. Festningane deira kjem du til å setja eld på. Dei unge mennene kjem du til å drepa med sverdet. Småborna deira skal du knusa, og du kjem til å skjera opp dei kvinnene deira som er med barn».

Eit mål av vondskap

1.Mosebok 15:16 *«I det fjerde slektsledd skal dei venda attende hit. For amorittane har enno ikkje fylt opp målet sitt med vondskap».*

Enno var det nådetid for dei, men ein dag ville derimot målet vere nådd, og domen ville kome over dei.

Israel utgjorde ein forskjell

I motsetning til råskapen hos dei andre folka, finn vi dette vitnemål om at Israels folk hadde andre verdier.

1.Kong 20:31 «Då sa tenarane hans til han [Syrar-kongen Benhadad]: Vi har høyrte at kongane av Israels-folket er milde kongar. Lat oss kle oss i sekk og leggja reip om hovudet og så gå ut til Israels-kongen. Kan henda han då lét deg få leva!»

«Herrefolk» og etnisk reinsking?

Nei, er det noko folk som kjem under dom fordi dei gjorde opprør mot Herren, så var det Israelsfolket sjølv. Du kan lese Samuelsbøkene, Kongebøkene, Krønikebøkene, m.fl, og sjå at Juda og Israel hausta dyrkjøpte erfaringar av si eiga vantru.

2.Krøn 36:16-17 *«Men dei spotta sendeboda frå Gud og vanvørde orda hans og håna profetane hans, til Herrens harme mot folket hans vart så sterk at det ikkje fanst noka botevon lenger. ¹⁷ Då lét han kaldearkongen dra opp mot dei. Og han drap dei unge mennene deira med sverd i heilagdomen deira, og sparde korkje unggutar eller møyar eller gamle og gråhåra – han gav dei alle i handa på han».*

Perspektivet med tid og evighet

Vi kan ikkje unnlate å ta med perspektivet med at det som skjer her i tida alltid har konsekvens for den komande evighet.

Romerbrevet 2:5 «*Med din harde hug og ditt ubotferdige hjarta hopar du opp vreide over deg til vreidens dag, den dagen då Gud openberrar sin rettferdige dom*».

Aksept av Guds rett til å vere Gud

Gud har all rett til å erklære, **2.Mosebok 33:19** «*Eg vil vera nådig mot den som eg er nådig mot, og miskunna meg over den eg miskunnar meg over*».

Om Han er Herre og herrane, så var det hans guddommelege rett å seie til Farao som nekta å la Israelsfolket få reise: **2.Mosebok 9:16** «*Men difor reiste eg deg opp, så eg kunne syna deg makta mi, og namnet mitt kunne verta kunngjort over heile jorda*».

Det kan vere at vi ikkje forstår til fulle kvifor Gud gjorde som han gjorde, men vi har mange grunnar til å bøye oss for hans rett til å vere Gud.

Men er dette også NT sin Gud?

Ja, Jesus gir oss berre eit klarare bilde av Guds vesen.

Invitasjonen frå Jesus, **Matteus 11:28-29** «Kom til meg, alle som strevar og har tungt å bera, og eg vil gje dykk kvile. ²⁹ Tak mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk av hjarta; så skal de finna kvile for sjelene dykkar».

Invitasjonen frå GT sin Gud: **Esekiel 33:11** «Sei til dei: Så sant eg lever, seier Herren Herren: Eg har ikkje lyst i at den ugudelege døy, men i at den ugudelege vender om frå ferda si og lever. Vend om, vend om frå dei vonde vegane dykkar! Kvifor vil de døy, de Israels-born?»

Husk: Det er Jesus som er både

Frelsar ..., **Joh.Op 5:9** «Og dei syng ein ny song og seier: Verdig er du [Lammet] til å ta imot boka og opna segla på henne, fordi du vart slakta og kjøpte oss til Gud med ditt blod frå kvar stamme og tunge og folk og ætt...»

... og dømer, Op 6:15-16 «Kongane på jorda og stormennene og hærførarane og dei rike og dei mektige, kvar træl og kvar fri mann, gøymde seg i hòlene og mellom berghamrane. ¹⁶ Og dei seier til fjell og berg: Fall over oss og løyn oss for åsynet hans som sit på trona, og for vreiden åt Lammet».

Gud har alltid vore, og vil vere, ein Gud som både er fullkomen kjærleik og frykteleg i vreide.